



Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/10084-1

## **Val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019**

Saka vert lagt fram utan tilråding

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

### **SAKSFRAMSTILLING**

Fylkestinget skal velje kontrollutval i det konstituerande møtet. Dette skal skje etter val av fylkesutval, fylkesordførar og fylkesvaraordførar, men før fylkestinget vel andre folkevalde organ, jf. kommunelova § 17 nr. 2. Kontrollutvalet trer i funksjon umiddelbart.

I FT-sak 39/14 om politisk organisering i Sogn og Fjordane fylkeskommune for perioden 2015 – 2019 vedtok fylkestinget følgjande om kontrollutvalet (vedtaket pkt. A, nr. 7):

«Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer. Leiar og nestleiar skal kome frå fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget. Fylkestinget legg til grunn at berre leiar og nestleiar skal delta i møta i fylkestinget. Dei andre medlemene møte ikkje under fylkestingsseta.»

Ifølgje § 2 i reglementet for kontrollutvalet skal leiaren representera konstellasjonen som ikkje har fylkesordførar/fylkesvaraordførar.

I tillegg til leiar, nestleiar og tre faste medlemer skal fylkestinget no velje fem varamedlemer. Det framgår ikkje av reglementet om varamedlemene skal vere personlege eller i rekjkjefølgje. Fylkesrådmannen legg difor til grunn at fylkestinget står fritt på dette punktet.

Ifølgje kommunelova § 77 nr. 2 kan fylkestinget til kontrollutvalet ikkje velje fylkesordførar, fylkesvaraordførar, medlem eller varamedlem av fylkesutvalet, medlem eller varamedlem av fylkeskommunal nemnd med avgjerdsmynde, medlem og varamedlem av fylkestingskomite og tilsette i fylkeskommunen.

Til orientering vil det bli fremja ei sak for fylkestinget i desember om revidering av reglementet for Kontrollutvalet.